

Gul stripe, hyppige ferjeavgangar og jernbane i distrikta

SV vil utvikle gode, grønne og trygge transportløysningar for heile landet. Folk skal kunne kome seg trygt fram same kor i Noreg dei bor.

Stamvegnettet må breddeutvidast i tråd med retningslinene for stamvegnettet og merkast med gul midtstripe. Farlege strekningar skal rassikrast, og vi vil ha auka utbygging av gang- og sykkelveg.

I ”Fjord-Noreg” er ferja i mange år framover livsnerven for mange lokalsamfunn. SVs mål er 20 minutts-avgangar på stamvegstrekningane, og utvida ferjetilbod på riks og fylkesvegar.

Også i distrikta er det viktig med gode og tilpassa kollektivtilbod, og vi vil ha betra busstilbod mellom landsdelane og gode tilføringsruter.

SV vil satse på tog også i distrikta for å betre kollektivtilbodet for vanlege folk og for å få meir gods over frå veg og fly til bane. SV vil ha ei elektrifisering av gjenståande banar som i dag er dieseldrevet. Dette vil gje moglegheiter for meir gods over på bane, ei meir klimavennleg løysning, og auka regularitet og bedret persontransport. Dette inkluderer fjernstyring, bygging av kryssningsspor og godsterminalar.